

# TRYGG BRUK AV STIGE

**Sommaren står for dør og dermed startar sesongen for utandørs vedlikehald i heile Noreg. Kvart år skjer ei rekke alvorlege ulukker på grunn av uvettig bruk av stige. Med litt omtanke kan ein unngå slike ulukker.**

## FALLULUKKER GENERELT



Ulike former for fallulukker utgjør over halvparten av dei alvorlege fritidsulukkene i Noreg. Innan idrett og lek er slike ulukker i mange høve ikkje til å unngå. Dei fleste foreldre vil likevel førebyggje alvorlege fallulukker hos sine barn. Aktivitetar der ein bruker sykkel, rulleskøyter, rullebrett og trampoline kan lett føra til alvorlege fallulukker. Ved å bruka sikringsutstyr kan ein hindre at eit fall får alvorlege følger. Sportsforretningar kan utstyra oss med sykkelhjelm, sikringsutstyr for handledd, albuar og knær, samt sikringsnett for trampoliner. Det viktigaste er likevel at ein er klar over faremomentet og bruker sunn fornuft.

## ULUKKER MED STIGE

Me har ikkje god nok statistikk verken lokalt eller nasjonalt til å seia noko sikkert om kor mange alvorlege ulukker me har på grunn av fall frå stige og stillas. Dei fleste av oss har nok likevel opplevd både ulukker og nærulukker i samband med arbeid der me er for korte og må bruke ulikt utstyr for å nå høgare opp og lengre bort. Dei fleste ulukkene skuldast uvettig bruk av utstyr. Dersom me bruker upassande utstyr eller set til side sunn fornuft risikerer me at det går galt.

## SUNN FORNUFT

”Klok av skade” seier eit ordspråk, men det kan verta dyrkjøpt lærdom. På internett kan ein finna gode tips om bruk av stige og stillasutstyr. Ta ein kikk på desse illustrasjonane og du vert ”klok før skade”.



## STIGEKAMPANJE PÅ HAUGALANDET

I sommar vil alle som kjøper seg stige eller liknande utstyr i forretningar på Haugalandet få tilbod om eit informasjonsskriv med fornuftige reglar om stigebruk. Same informasjon vil også verta utdelt i malarforretningar. Målet er å unngå nye negative førstesideoppslag i avisa. Det er helsetenesta i Haugalandskommunane som står bak kampanjen – under vignetten ”Trygg på Haugalandet”.